

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 4/2023 | Klokkeslett: 12.00 - 15.00 | Dato: 25.04.2023

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 26.04.2023

	Namn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør
	Marthe Hammer	Nestleiar Hovudutval for samferdsel og mobilitet, Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Kommunaldirektør, Bergen kommune
	Sara Sekkingstad	Ordfører, Alver kommune
	Siv Høgtun	Ordfører, Askøy kommune
	Trine Lindborg	Ordfører, Bjørnafjorden kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordfører, Øygarden kommune
	Kjell Kvingedal	Statsforvaltaren i Vestland
	Solveig Paule	Jernbanedirektoratet
	Aina Haugstad	Sekretariatet, Miljøløftet
Øvrege	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Jostein Fjærestad	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Ørjan Raknes Forthun	Alver kommune
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Anders Kjetland	Sekretariatet, Miljøløftet
	Kristoffer Sandvik Monsen	Sekretariatet, Miljøløftet
	Eva Mari Pettersen	Sekretariatet, Miljøløftet

Sak 41/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 42/23 Godkjenning av referat frå møte i styringsgruppa 22.03.23

Vedtak: Vedlagt referat er godkjend.

Sak 43/23 Årsmelding 2022

Kristoffer Sandvik Monsen og Eva Mari Pettersen, sekretariatet, presenterte resultat frå årsmeldinga til Miljøløftet for 2022.

Marthe Hammer, VLFK, ga positiv tilbakemelding på at årsmeldinga kjem tidleg nok til at den kan behandlast lokalpolitisk før sommaren, saman med handlingsprogrammet, men peika óg på at det ville vore fint om sykkeltala var pålitelege nok til at det hadde latt seg gjere å vurdere i kva grad reisestraumane endrar seg etter at sykkeltunnelane opnar. Vi ligg ikkje an til å nå målsetningane på tal sykklande. Det er ønskje om meir tilgjengelege tal og betre kommunikasjon rundt sykkeltala.

Vidare trakk Tom Georg Indrevik, Øygarden og Solveig Paule, Jernbanedirektoratet fram behovet for å skilje mellom privatbilisme og næringsbilisme når tal frå RVU og byindeksen blir presentert.

Vedtak: Styringsgruppa tek Miljøløftet si årsmelding 2022 til orientering. Sekretariatet legg inn eventuelle mindre tilpassingar i tråd med diskusjonen i møtet, og sender deretter Miljøløftet si årsmelding til partane for lokalpolitisk handsaming før sommaren, og samstundes som Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027.

Sak 44/23 Utsikta reduksjon av staten sine tilskot i byvekstavgalane

Dei seinare åra har byggekostnadsindeksen og Finansdepartementet sin budsjettindeks hatt store avvik. Dette får følgjer for størrelsen på det statlege tilskotet til byvekstavgalane over tid. Sekretariata i dei fire byvekstavgaleområda har sendt eit brev til Samferdselsdepartementet med oppmoding om at situasjonen blir vurdert i samband med revidert nasjonalbudsjett.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 45/23 Orientering om NTP-prioriteringane

Jan Fredrik Lund, Statens vegvesen, orienterte om transportverksemdene sitt svar på oppdraget frå Samferdselsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet om prioriteringar for byområda til NTP 2025-2036. Som del av oppdraget blei transportverksemdene bedne om å foreslå prioriteringar innanfor tre rammenivå: ei ramme der 2023-nivået held fram, ei ramme som er 10% lågare, og ei ramme som er 10% større enn den gjeldande.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 46/23 Orientering om oversendt planforslag for Bybanen til Åsane

Anne Iren Fagerbakke, Bergen kommune, orienterte. Plan og bygningsetaten i Bergen kommune har oversendt sitt planforslag for Bybanen til Åsane til byrådsavdelinga, for vidare handsaming. Det er lagt opp til handsaming 31. mai, med oppstart av KS2 rett etter vedteken plan. Bergen ønsker raskare byggstart enn det som transportverksemdene har lagt til grunn i sitt svar på prioriteringsoppdraget og det blir arbeidd politisk med å påverke dette. Det blei understreka at den lokale finansieringa er på plass gjennom bompengeproposisjonen.

Marthe Hammer, VFLK, peika på behovet for at partane må vere godt samkøyrde i prosessane frametter.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 47/23 Opning sykkeltunnelar

Anders Kjetland, sekretariatet, orienterte om gjennomføringa av ei vellukka opningshelg med ei rekkje arrangement – mellom anna tunnellop og sykkelparade. Opninga fekk mykje merksemd – også frå internasjonale media.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 48/23 Sykle til jobben

Sykle til jobben aksjonen blir i år arrangert for 50. gong, og har oppstart 3. mai. Miljøløftet vil gjennomføre arrangement i alle fem Miljøløftet-kommunane. Miljøløftet betalar for deltaking i omlandskommunane, mens Sykkelparaden i Bergen betalar for deltaking for innbyggjarane i Bergen. Det er mål om auka deltaking i år.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 49/23 Eventuelt

Aina Haugstad, sekretariatet, orienterte om at Erlend Bjerke Otterå og Juan Manuel Santacruz er tilsette i sekretariatet og vil starte i høvesvis juni og juli i år.